

Søknad om endring av manøvreringsreglement for Orkla- og Granavassdraget i Tynset kommune, Hedmark fylke

NVE har motteke søknad frå Kraftverkene i Orkla (KVO) om å endre manøvreringsreglementet for Orkla- og Granavassdraget gjeve ved kgl.res. av 16.06.1978. KVO søker om å endre manøvreringsreglementet for to forhold.: 1) Endre dato for overgang til sommarminstevassføring frå 1. mai til 1. juni ved inntaka Øvre Dølvad og Ya. 2) Endre kravet til minstevassføring ved terskel Kvikne kyrkje. Inntaka Øvre Dølvad og Ya er ofte dekkja av snø og is 1. mai, slik at det er vanskeleg å opne ventiler og luker for slepp av minstevassføring. Ved Kvikne kyrkje er det vanskeleg å overhalde minstevassføringskravet, og det søkast derfor om at kravet til minstevassføring vinterstid avgrensast til naturleg tilsig frå restfeltet og naturleg tilsig frå inntaka Øvre Dølvad og Ya.

Søknaden vert handsama etter reglane i vassdragsreguleringslova § 10.

Søknaden er tilgjengeleg på NVE sin nettside: www.nve.no/konsesjoner og er lagt ut til offentliggjennomsyn på kommunehuset på Tynset og på Vollan Gård på Kvikne.

De kan få ein papirversjon av søknaden ved å kontakte Nils Henrik Johnson på e-post Nils.Henrik.Johnson@tronderenergi.no eller tlf. 913 97 976.

Fråsegner sendast via internett www.nve.no/konsesjoner, til nve@nve.no eller i brev til NVE – Konesjonsavdelinga, Postboks 5091, Majorstua, 0301 OSLO så snart som mogeleg og seinast innan **14. november 2017**.